

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.12.2021

Vår ref.: 202112508-2

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om uttak av grunnvatn i Barstadvik til landbasert oppdrett - Ørsta kommune i Møre og Romsdal

NVE har motteke ein søknad frå AquaGen AS, avd. Profunda, datert 09.07.2021, om løyve til uttak av grunnvatn i Barstadvik til landbasert oppdrett. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i avisene Møre Nytt og Sunnmørsposten. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med AquaGen AS v/Frode Sætre på tlf. 47660994 eller e-post: frode.satre@aquagen.no.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202112508 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Uttale sender de til oss så snart som mogleg, og seinast innan

07.02.2022.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45 for grunnvasstiltak. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

Skildring av tiltaket

AquaGen AS avd. Profunda har allereie vassdragskonsesjon frå 2016 for uttak av inntil 9,7 l/s frå same grunnvassmagasin i Barstadvik. Anlegget treng meir ferskvatn til produksjonen og søker no om auka uttak av grunnvatn.



AquaGen AS ynskjer å ta ut inntil 2 250 m³/døgn (26 l/s) grunnvatn og eit gjennomsnittleg uttak over året på 505 000 m³/år (16 l/s) til anlegget i Barstadvik.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Bård Ottesen
seniorrådgjevar

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Vedlegg: Orientering til høyringspartane
 Kunngjeringstekst

Mottakarliste:

Forum for natur og friluftsliv Møre og Romsdal
Mattilsynet
Møre og Romsdal fylkeskommune
Norges geologiske undersøkelse
STATENS VEGVESEN
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Ørsta jeger- og fiskeforening
ØRSTA KOMMUNE

Kopimottakarliste:

Profunda AS